



Oppland fylkeskommune



Ringebu kommune



Sør-Fron kommune



Nord-Fron kommune

Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal

Møteprotokoll

Møtedato: 17.09.2010
Møtetid: 10:00 – 14:30
Møtestad: Studio H, Kvitfjell vest
Saknr.: 027/10 - 034/10

Følgjande møtte:

Aksel Eng, Sør-Fron kommune
Jan Peter Steberggløkken, Sør-Fron kommune
Tove Haugli, Nord-Fron kommune
Olav Røssum, Nord-Fron kommune
Arnhild Baukhol, Ringebu kommune (til og med pkt
1 sak 034/10)
Øyvind Myhrsveen, Ringebu kommune
Aud Hove, Oppland fylkeskommune
Tom Haraldsen, Oppland fylkeskommune

Andre med møterett:

Jan R. Rasmussen, Sør-Fron kommune
Jon Alver, Ringebu kommune (til og med pkt. 1 sak
034/10)
Arne Sandbu, Nord-Fron kommune
Anne Marie Sveipe, Oppland Fylkeskommune

Forfall:

Knut Berg, Fylkesmannen i Oppland
Jan Sandbakken, regionkoordinator

Administrasjonen/sekretariat:

Astrid Vadet, møtesekretær

Andre:

Kjetil Lundemo, Oppland fylkeskommune – deltar
som observatør ut 2010.
Svein-Otto Olsen, Ringebu kommune – orienterte før
møtet om reg.planar for Kvitfjell-området.
Scott Hammond hadde ei stutt orientering om drifta
ved Studio H i Kvitfjell før regionrådsmøte.

Saksliste

Sak nr. Sakstittel

- 027/10 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE I
REGIONRÅDET FOR MIDT-GUDBRANDSDAL
11.06.2010**
- 028/10 FORPROSJEKT *REDD DØLAHESTEN* STAV 2010
– 2015**
- 029/10 SØKNAD OM MIDLER TIL KVALITETSSIKRING
AV FORPROSJEKTRAPPORT REGIONALT IKT-
PROSJEKT**
- 030/10 BREIBAND I MIDT-GUDBRANDSDALEN -
UTBYGGING I RESTOMRÅDER UTAN DEKNING**
- 031/10 HANDLINGSPROGRAM FOR STORE
IDRETTSANLEGG I OPPLAND**
- 032/10 SØKNAD OM MIDLER TIL INN PÅ TUNET I MIDT-
GUDBRANDSDAL 2011-2012**
- 033/10 MIDT I GUDBRANDSDALEN 2020 - PRIORITERING
AV TILTAK**
- 034/10 ORIENTERINGSSAKER**

027/10: GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE I REGIONRÅDET FOR MIDT-GUDBRANDSDAL 11.06.2010

Innstilling:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal godkjenner protokollen frå møte i regionrådet 11.06.2010.

RMG-027/10 17.09.2010 Vedtak:

Som innstillinga.

028/10: FORPROSJEKT *REDD DØLAHESTEN* STAV 2010 - 2015

Innstilling:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal løyver kr. 50.000 i partnerskapsmidlar til gjennomføring av forprosjektet "*Redd Dølahesten*" i regi av Stav BA. Løyvinga blir kostnadsført over budsjettpost næringsutvikling.
2. Regionrådet ser det som viktig at forprosjektet blir koordinert med den igangsette prosessen for å utforme ein næringsstrategi for hest i Oppland.
3. Det er en føresetnad for løyvinga at forprosjektet blir fullfinansiert.

RMG-028/10 17.09.2010 Behandling:

Aksel Eng la fram følgjande forslag til vedtak:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal ser meget positivt på å delta i et eventuelt tverr-regionalt prosjekt "*Redd Dølahesten*", men regionrådet vil ikke realitetsbehandle saken før strategiplan foreligger.

Forslaget til Aksel Eng vart samrøystes vedtatt.

RMG-028/10 17.09.2010 Vedtak:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal ser meget positivt på å delta i et eventuelt tverr-regionalt prosjekt "*Redd Dølahesten*", men regionrådet vil ikke realitetsbehandle saken før strategiplan foreligger.

029/10: SØKNAD OM MIDLER TIL KVALITETSSIKRING AV FORPROSJEKTRAPPORT REGIONALT IKT-PROSJEKT

Innstilling:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal løyver kr. 100.000 til kvalitetssikring av forprosjekt om regionalt IKT-prosjekt i dei tre kommunane i regionen.
2. Løyvinga blir kostnadsført over budsjettpost Regionalt samarbeid.

RMG-029/10 17.09.2010 Vedtak:

Som innstillinga.

030/10: BREIBAND I MIDT-GUDBRANDSDALEN - UTBYGGING I RESTOMRÅDER UTAN DEKNING**Innstilling (frå leiar av Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal):**

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal viser til tidlegere behandling av saken (sak 37/09 og 25/10).
2. Regionrådet beklager sterkt at Oppland fylkeskommune trenerer helt nødvendig utbygging gjennom fortsatt ikke å ville akseptere regionens foreslåtte finansiering til egenandel til utbygging av bredbånd i restområder uten dekning.
3. Regionrådet vedtar at egenandelen som Oppland fylkeskommune krever skal dekkes av den kommunale andelen partnerskapsmidler. Dette er det gitt mulighet for, og aksept for, av Regionalpolitisk avdeling i KR D, etter avklaring av regionrådsleder.

RMG-030/10 17.09.2010 Behandling:

Det vart lagt fram følgjande forslag til vedtak:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal viser til tidlegere behandling av saken (sak 37/09 og 25/10).
2. Prosjektet har en samlet kostnadsramme på 3,6 millioner kroner.
3. Regionrådet bevilget i sak 37/09 kr. 400.000 til prosjektet.
4. * Oppland fylkeskommune har bevilget kr. 2.880.000 – noe som utgjør 80% av totalkostnaden.
5. * Kommunen i regionen må bli enige om finansieringa av de resterende kr. 320.000. Denne finansieringen skal ikkje skje med regionrådsmidler.
6. På neste regionrådsmøte, 22. oktober 2010, skal saken oppsummeres.

Forslaget vart samrøystes vedtatt.

** Det blir gjort merksam på at tala i punkt 4 og 5 er justert i etterkant av regionrådsmøte den 17.09.2010, etter at det er kome nye opplysningar frå Oppland fylkeskommune.*

RMG-030/10 17.09.2010 Vedtak:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal viser til tidlegere behandling av saken (sak 37/09 og 25/10).
2. Prosjektet har en samlet kostnadsramme på 3,6 millioner kroner.
3. Regionrådet bevilget i sak 37/09 kr. 400.000 til prosjektet.
4. Oppland fylkeskommune har bevilget kr. 2.880.000 – noe som utgjør 80% av totalkostnaden.
5. Kommunen i regionen må bli enige om finansieringa av de resterende kr. 320.000. Denne finansieringen skal ikkje skje med regionrådsmidler.
6. På neste regionrådsmøte, 22. oktober 2010, skal saken oppsummeres.

031/10: HANDLINGSPROGRAM FOR STORE IDRETTSANLEGG I OPPLAND

Innstilling:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal tilrår forslaget til handlingsplan for store idrettsanlegg i Oppland.

RMG-031/10 17.09.2010 Behandling:

E-post frå Ole Tvette Muriteigen, styreleder i Gålå Idrettsanlegg, vart delt ut på møtet.

RMG-031/10 17.09.2010 Vedtak:

Som innstillinga.

032/10: SØKNAD OM MIDLER TIL INN PÅ TUNET I MIDT-GUDBRANDSDAL 2011-2012

Innstilling:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal løyver kr. 150.000 i partnerskapsmidlar til Midt-Gudbrandsdal Inn på tunet fram til 31.12.2011 for ytterlegare utprøving og koordinering av tilbod, samt tilrettelegging for vidare drift etter avslutning av prosjektet.
2. Løyvinga blir kostnadsført over budsjettområde Regionalt samarbeid, med rekneskapsført beløp på kr. 75.000 i 2010 og kr. 75.000 i 2011.

RMG-032/10 17.09.2010 Behandling:

Aksel Eng la fram følgjande forslag til vedtak:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal løyver kr. 185.000 i partnerskapsmidlar til Midt-Gudbrandsdal Inn på tunet fram til 31.12.2011 for ytterlegare utprøving og koordinering av tilbod, samt tilrettelegging for vidare drift etter avslutning av prosjektet.
2. Løyvinga blir kostnadsført over budsjettområde Regionalt samarbeid, med rekneskapsført beløp på kr. 92.500 i 2010 og kr. 92.500 i 2011.

Forslaget frå Aksel Eng vart samrøystes vedtatt.

RMG-032/10 17.09.2010 Vedtak:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal løyver kr. 185.000 i partnerskapsmidlar til Midt-Gudbrandsdal Inn på tunet fram til 31.12.2011 for ytterlegare utprøving og koordinering av tilbod, samt tilrettelegging for vidare drift etter avslutning av prosjektet.
2. Løyvinga blir kostnadsført over budsjettområde Regionalt samarbeid, med rekneskapsført beløp på kr. 92.500 i 2010 og kr. 92.500 i 2011.

033/10: MIDT I GUDBRANDSDALEN 2020 - PRIORITERING AV TILTAK

Innstilling:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal ber om at det blir arbeidd vidare med følgjande tema i prioritering av tiltak etter folkemøtet, samt innspela frå næringslivet og tenketanken for ungdom:
.....
2. Regionrådet vil foreta endeleg prioritering av tiltak etter forberedt sak på møtet den 22.10.2010.

RMG-033/10 17.09.2010 Behandling:

Regionrådsleiar kommenterte innspela og sa at punkt 1 frå Midt-Gudbrandsdal Næringsforening knytt til kommunesamanslåing ikkje er naturleg å ta med i dette arbeidet nå:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal ber om at det blir arbeidd vidare med dei nemnde tema i prioritering av tiltak etter folkemøtet, samt innspela frå næringslivet og tenketanken for ungdom.

Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal ser det ikkje som naturleg at tema kommunesamanslåing blir tatt med i vidare arbeid med saka.
2. Regionrådet vil foreta endeleg prioritering av tiltak etter forberedt sak på møtet den 22.10.2010.

Forslaget vart samrøystes vedtatt.

RMG-033/10 17.09.2010 Vedtak:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal ber om at det blir arbeidd vidare med dei nemnde tema i prioritering av tiltak etter folkemøtet, samt innspela frå næringslivet og tenketanken for ungdom.

Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal ser det ikkje som naturleg at tema kommunesamanslåing blir tatt med i vidare arbeid med saka.
2. Regionrådet vil foreta endeleg prioritering av tiltak etter forberedt sak på møtet den 22.10.2010.

034/10: ORIENTERINGSSAKER

Innstilling:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal tar dei framlagte sakene til orientering.

RMG-034/10 17.09.2010 Behandling:

Det vart i møtet orientert om følgjande saker:

1. **Sekretariatet for regionrådet – ny avtaleperiode.**
Regionrådsleiar orienterte om brev frå Nord-Fron kommune v/adm.sjef datert 20.08.10, som han har gjeve tilbakemelding på. Det er ønskje om langsiktig avtale (4-års periode) med Nord-Fron kommune, som følgjer partnerskapsavtala med verknad frå 2011.
2. **Garantisak for E6-utbygginga.**
Kort om status.
3. **Jernbaneforum, Dovrebanen sør.**
Tove Haugli refererte frå møte 28.05.2010.
4. **Informasjonstavler – Vinstra og Ringebu Skysstasjon.**
Kort informasjon om at Jernbaneverket har lagt inn elektroniske informasjonstavler i forslag til budsjettet for 2011.
5. **Fylkesmannens regionale møter.**
Regionrådsleder oppfordra kommunane til å koma med innspel til saker til møtet med Fylkesmannen som er 24.11.10. Evt. saker blir meldt inn til dei respektive rådmenn/adm.sjef innan 22.10.2010, som koordinerer innspela ovanfor leiar av regionrådet.
6. **Bolyst-søknaden til KRD, tilbakemelding til dep.**
Regionrådsleiar orienterte om tilskottet på kr. 750.000 frå KRD.
7. **Ressurssituasjonen i politiet.**
Det er ønskje om møte med rep frå Lillehammer- og Gudbrandsdal politidistrikt. Det vil bli orientert om dette på neste regionrådsmøte, 22.oktober 2010.
8. **Omdømmeskolen 2010.**
Regionrådsleiaren orientert frå omdømmeskolen der dei tre ordførarane i regionen deltek. Regionrådsleiaren ønskjer at Ringebu kommune kan utdjupe i høve til sitt vedtak i saka om kommunestruktur, og kva det har å si for det vidare regionale strategiarbeidet knytt til omdømmebygging og Midt-Gudbrandsdal 2020.
9. **Planstrategiarbeidet i OFK.**
Aud Hove orientert stutt om arbeidet i kommunalkomiteen.
10. **Høyring knytt til strategisk kollektivtransport.**
Det blir arbeidd med eit utkast som snart skal ut på høyring. Saka var tema på Opplandstinget 13.09.10.

11. Fårikålfestivalen 2010.

Det var minna om program og tidspunkt for arrangementet.

12. ”Høyring – premisser, mål og utfordringer til strategisk fokus for 2011-2014, Sykehuset Innlandet HF”.

Høyringsnotatet vart delt ut på regionrådsmøte 17.09.2010. Det vart bedt om at regionrådsrep. tar vare på dokumentet til seinare behandling i haust.

13. Ung i Midtdalen.

Tema vart drøfta under protokoll frå møte 11.06.10, og konklusjonen først inn under orienteringssaker:

Status og vidare drift av dette arbeidet i midtdalen frå 2011 vart drøfta.

Jon Alver vil ta ny kontakt med Fylkesrådmann om saka. Kjetil Lundemo vil følgje den opp politisk.

RMG-034/10 17.09.2010 Vedtak:

1. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal tar dei framlagte sakene til orientering.

Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal, 24.09.2010.

Astrid Vadet
møtesekretær

